**DEL 2B** Unnateke offentlegheita forvaltingslova 13 jf. barnevernlova § 6-7

# Vedlegg til tilvising til Barne-, ungdoms- og familieetaten

# FOSTERHEIM

Bufdir

| Informasjon om barnet |
|---|
| Namn: |
| Fødselsnummer (11 siffer): |

# 1 Synspunkta til og medverknaden frå barnet og foreldra

Barnet har ein sjølvstendig rett til å medverke i alle forhold som gjeld han eller ho, og på alle stadium i en barnevernssak. Dette er heimla i barnevernloven §1-6. For at retten til å medverke skal vere reell, må barnet få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og høve til fritt å gje uttrykk for synspunkta sine.

| | |
|---|---|
| • Korleis har barnet medverka i prosessen om fosterheim?<br>• Kva meiner barnet om å flytte i fosterheim?<br>• Kva for ynske har barnet til fosterheimen og opphaldet der?<br>• Korleis har foreldra / dei føresette medverka i prosessen om fosterheim?<br>• Kva meiner foreldra / dei føresette om at barnet skal flytte i fosterheim?<br>• Kva for ynske har foreldra / dei føresette til fosterheimen og opphaldet barnet skal ha der?<br>• Korleis vurderer og vektlegg kommunen synspunkta og ynska til barnet / foreldra / dei føresette? | Beskriving og vurdering<br><br>Held fram på neste side |

| | |
|---|---|
| | Beskriving og vurdering |

# 2 Kartlegging av slekt og nettverk

| | |
|---|---|
| • Korleis er slekta og nettverket til barnet kartlagde?<br><br>• Er det nytta systematisk og/ eller anerkjent metode ved kartlegging? Viss nei, kvifor ikkje?<br><br>• Kva for personar i slekta til barnet er viktige for han/ho? Kan desse vere ein ressurs for barnet og/eller foreldra i tida framover?<br><br>• Kva for personar i nettverket til barnet er viktige for han/ ho? Kan desse vere ein ressurs for barnet og/eller foreldra i tida framover?<br><br>• Har barnet hatt familieråd tidlegare?<br><br>• Har barnet vorte informert/ spurt om familieråd? Viss ja, når og korleis? Viss nei, kvifor ikkje?<br><br>• Har foreldra vorte informerte/ spurde om familieråd? Viss ja, når og korleis? Viss nei, kvifor ikkje?<br><br>• Korleis vurderer kommunen nytta av å gjennomføre familieråd for barnet?<br><br>• Korleis vurderer kommunen høvet til å finne fosterheim i slekt eller nettverk for dette barnet? | Beskriving og vurdering |

# 3 Beskriving og vurdering av barnet frå barneverntenesta

Bufetat har ansvar for å gjere forsvarlege vurderingar ved formidling av fosterheim og ved hjelp til rekruttering av fosterfamilie i slekt eller nettverk. Vurderingane byggjer på både utgreiinga til barneverntenesta og faglege vurderingar. I denne delen ynskjer vi ei beskriving og vurdering av korleis barnet fungerer.

Spørsmåla under kvart tema er sentrale hjelpespørsmål til vurderinga til barneverntenesta. I denne delen bør barneverntenesta ha med vurdering av faktorane for vern og risiko barnet har. Der barneverntenesta manglar informasjon, bør dette kome fram.

## 3.1 Emosjonell fungering og psykisk helse

| | |
|---|---|
| • Korleis er stemningsleiet/humøret til barnet?<br>• Korleis og i kor stor grad greier barnet å regulere kjensler?<br>• Kva slags smerteuttrykk har barnet?<br>• Korleis syner barnet evne til empati?<br>• Er barnet innovervendt/utovervendt?<br>• Korleis er sjølvforståinga til barnet?<br>• Korleis er sjølvtilliten/sjølvkjensla til barnet?<br>• Kva for respons/reaksjon har barnet på endringar?<br>• Har barnet nokre relevante diagnosar? | Beskriving og vurdering av styrkar |
| | Beskriving og vurdering av særlege behov |

Dersom barnet har diagnosar/funksjonsnedsetjingar som krev tilpassing eller oppfølging, ynskjer vi at de legg ved epikriser frå helsevesenet eller vedtak fra PPT.

## 3.2 Motorisk fungering og fysisk helse

| | |
|---|---|
| • Korleis er grov- og finmotorikken til barnet?<br>• Beskriv den fysiske helsa til barnet.<br>• Har barnet allergiar? I så fall, kva er dei?<br>• Korleis er tannhelsa til barnet?<br>• Går barnet på faste medisinar?<br>• Har barnet nokre relevante diagnosar eller funksjonsnetsetjingar? | Beskriving og vurdering av styrkar |
| | Beskriving og vurdering av særlege behov |

Dersom barnet har diagnosar/funksjonsnedsetjingar som krev tilpassing eller oppfølging, ynskjer vi at de legg ved epikriser frå helsevesenet.

## 3.3 Kommunikasjon og kognitiv fungering

| | | 
|---|---|
| • Korleis er språkforståinga til barnet?<br>• Korleis er omgrepsforståinga til barnet?<br>• Korleis klarer barnet å konsentrere seg og halde på merksemda?<br>• Korleis er hugsen til barnet?<br>• Korleis løyser barnet problem?<br>• Korleis fungerer barnet når det skal gjere lekser?<br>• Korleis er det faglege nivået til barnet på skulen?<br>• Trengst det tilrettelegging i barnehage/skule?<br>• Har barnet nokre relevante diagnosar? | Beskriving og vurdering av styrkar |
| | Beskriving og vurdering av særlege behov |

Dersom barnet har diagnosar/funksjonsnedsetjingar som krev tilpassing eller oppfølging, ynskjer vi at de legg ved epikriser frå helsevesenet eller vedtak frå PPT.

## 3.4 Sosial fungering og interesser

| | |
|---|---|
| • På kva område opplever barnet meistring sosialt?<br>• Korleis fungerer barnet i stor/lita gruppe?<br>• Korleis handterer barnet frileik/styrt aktivitet?<br>• Korleis er leikekompetansen til barnet?<br>• Er barnet kontaktsøkande eller avvisande, og i kor stor grad?<br>• Korleis fungerer barnet sosialt på skulen?<br>• Er det naudsynt med tilrettelegging i barnehage/skule?<br>• Korleis nyttar barnet fritida si?<br>• Kva for interesser eller hobbyar har barnet?<br>• Deltek barnet i organisert idrett eller er aktiv på andre vis?<br>• Er det naudsynt med tilrettelegging for å gjennomføre aktivitetar? | Beskriving og vurdering av styrkar<br><br>Beskriving og vurdering av særlege behov |

## 3.5 Dagleg fungering

| | |
|---|---|
| • Korleis er døgnrytmen til barnet?<br><br>• Korleis er hygienen til barnet?<br><br>• Har barnet vanskar med å regulere matinntaket? Korleis kjem dette i så fall til syne?<br><br>• Kor sjølvstendig er barnet?<br><br>• Har barnet problem med rus eller kriminalitet? | Beskriving og vurdering av styrkar |
| | Beskriving og vurdering av særlege behov |

## 3.6 Tilknytinga barnet har

| | |
|---|---|
| • Gje ei kort skildring av omsorga barnet har fått fram til no.<br><br>• Korleis er den aktuelle omsorgssituasjonen for barnet?<br><br>• Er det kjennskap til om barnet har vore utsett for potensielt traumatiske opplevingar, flyttingar og relasjonsbrot? I så fall, beskriv.<br><br>• Korleis vurderer barneverntenesta tilknytinga barnet har? (Trygg, engsteleg, ambivalent, desorganisert.)<br><br>• Kven er tilknytings- eller tillitspersonar for barnet? | Beskriving og vurdering |

# 4 Vurderingar frå barneverntenesta ved val av fosterheim

## 4.1 Ressursar/dugleikar/ kompetanse hos fosterheimen

| | |
|---|---|
| Kva er viktig for å ivareta den emosjonelle fungeringa og psykiske helsa til barnet? | Beskriving og vurdering |
| Kva er viktig for å ivareta den motoriske fungeringa og fysiske helsa til barnet? | Beskriving og vurdering |
| Kva er viktig for å ivareta den kognitive fungeringa/ kommunikasjonen og fungeringa i skule for barnet? | Beskriving og vurdering |
| Kva er viktig for å ivareta den sosiale fungeringa til barnet? | Beskriving og vurdering |

Fleire spørsmål på neste side

| | |
|---|---|
| Kva er viktig for å ivareta den daglege fungeringa til barnet? | Beskriving og vurdering |
| Kva er viktig for å ivareta behovet barnet har for tilknyting? | Beskriving og vurdering |

## 4.2 Andre faktorar som kan vere viktige ved val av fosterheim

Beskriv andre faktorar som er vurderte som viktige ved val av fosterheim for dette barnet. Grunngjev svaret. Korleis barneverntenesta har vekta ulike faktorar ved godkjenning av fosterheim bør drøftast i svaret.

| | |
|---|---|
| • Korleis familien er sett saman og kva for interesser dei har<br><br>• Språkleg, kulturell og/ eller religiøs tilknyting og kompetanse<br><br>• Kan fosterheimen ha dyr?<br><br>• Geografisk plassering (nærleik, avstand, by, landleg)<br><br>• Avgrensa høve for barnet til å reise ut av landet<br><br>• Andre ting | Vurderingar og grunngjeving |

## 4.3 Samvær og foreldresamarbeid

| | |
|---|---|
| • Kven skal barnet ha samvær/ kontakt med, og korleis skal det leggjast til rette for dette?<br><br>• Kva vil vere viktig for samarbeidet med foreldra / dei føresette til barnet? | Beskriving og vurdering |

## 4.4 Rammer for fosterheimen med bakgrunn i behova barnet har

| | |
|---|---|
| • Er det naudsynt med forsterkingstiltak som frikjøp frå jobb, særskilt rettleiing eller avlasting?<br><br>• Er det naudsynt med sperra adresse, tryggleiksplan eller andre tryggleikstiltak?<br><br>• Ligg det eventuelt føre ein plan for adopsjon? | Beskriving og vurdering |